

Høringsbrev - Forskrift om rapportering av talet på barn og årsverk for private barnehagar i Vindafjord kommune

Vindafjord kommune legg med dette forslag til forskrift om rapportering av tal på barn og årsverk for private barnehagar i Vindafjord kommune ut på høyring og offentleg ettersyn.

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet fastsette 23. mars 2026 ny forskrift om finansiering av private barnehagar. Frå tilskotsåret 2027 gjeld nye reglar for finansiering av private barnehagar.

Etter finansieringsforskrifta kan kommunen fastsetje lokal forskrift om rapportering av tal på barn og årsverk, mellom anna ved å fastsetje fleire teljetidspunkt i løpet av tilskotsåret.

Vindafjord kommune har sidan 2016 nytta ein ekstra teljedato 15. august som grunnlag for justering av tilskot til private barnehagar. Kommunen foreslår å vidareføre denne ordninga.

Som følgje av det nye finansieringssystemet skal det frå 2027 òg rapporterast tal på årsverk ved dei same teljetidspunkta. Opplysningane skal nyttast som grunnlag for berekning av pensjonstilskot til den enkelte private barnehagen.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje lokale reglar for rapportering av tal på barn og årsverk som skal nyttast ved berekning og justering av kommunalt tilskot til private barnehagar i Vindafjord kommune.

Forskrifta skal bidra til ei føreseieleg, korrekt og etterprøvbar tilskotsforvaltning i samsvar med gjeldande regelverk.


Rettsleg grunnlag

Kommunen kan fastsetje lokal forskrift om rapportering av tal på barn og årsverk for private barnehagar, jf. forskrift om finansiering av private barnehagar § 5.

Høyringa blir gjennomført i samsvar med reglane om utarbeiding av forskrifter i forvaltningslova § 37. Forskrifta skal fastsetjast og kunngjerast i samsvar med forvaltningslova § 38.

Offentleg ettersyn

Forslag til forskrift er lagt ut til offentleg ettersyn i høyringsperioden. Høyringsbrevet og forskriftsutkastet er tilgjengelege på Vindafjord kommune si nettside. Dokumenta kan òg gjerast tilgjengelege ved førespurnad til kommunen.



Innspel til høringa

Kommunen ber særleg om innspel til:

- om forskrifta er tydeleg og lett å forstå
- om dei foreslåtte teljetidspunkta er formålstenlege
- om det er behov for presiseringar eller justeringar i forskrifta

Innspel kan sendast til:

E-post: postmottak@vindafjord.kommune.no

Postadresse: Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Høyringsfrist og vidare prosess

Høyringsfristen er sett til **27. august 2026**.

Etter at høyringsfristen er ute, vil kommunen vurdere innspela som er komne inn. Ei oppsummering av høyringsinnspela og kommunen sine vurderingar vil bli lagt fram i samband med politisk behandling av saka.

Det er lagt opp til at kommunestyret behandlar forskrifta i møte **13. oktober 2026**.

Relevante kjelder:

[Forskrift om finansiering av private barnehager \(finansieringsforskriften\) - Lovdata](#)
[Ny forskrift om finansiering av private barnehager - regjeringen.no](#)

